



Lærdal kommune

Nærings- og kulturetaten

Miljødepartementet
Fortidsminneforeningen
Revisjon

Dyktar ref:

Vår ref:
02/00468-2

Saksbeh:
Astrid Myran Aarvik, 57 66 62 22

Arkivkode:
C5

Dato:
11.06.2002

Melding om vedtak i NNK 10.06.02, sak 038/02

FORTID FORMER FRAMTID - HØYRING

SAKSUTGREIING:

Lærdal kommune har fått NOU 2002:1: Fortid former framtid – Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk, til høyring.

Eit offentleg utval vart sett ned i 1998 for å greie ut ein ny kulturminnepolitikk på bakgrunn av at Stortinget meinte at den me har i dag ikkje held mål for å sikre kulturarven for framtidige generasjonar.

I Lærdal er, meir enn nokon annan stad, visjonen om at *"sammenhengen mellom natur og kulturminner stimulerer til bærekraftig ressursforvaltning"* viktig.

Rapporten er på over 200 sider og har 15 kapittel. Frist for høyringsuttale er sett til 28. juni 2002.

VURDERING:

Kapittel 4 tar for seg kulturminne og kulturmiljø som fellesskapsverdiar i eit lokalsamfunn. Her vert det mellom anna peikt på at interessa for å nytte kulturarven i lokalsamfunnet som bakgrunn for tilstellingar o.l. er aukande. Noko t.d Lærdalsmarknaden er eit godt døme på. Tradisjonelt har Noreg fokusert på natur for å lokke til seg turistar. Trenden går altså no i retning av at ein meir medvete nyttar kulturminne og kulturmiljø også i reiselivssamanheng. Men det er ikkje utan problem å leggje kulturminne og kulturmiljø til rette for publikum. Lærdal kommune støttar utvalet som vil styrke tilskotsordningane av i dag, etablere kulturminnefond og særreglar i skatte- og avgiftssystemet for kulturminne og kulturmiljø. Slitasjen på Borgund stavkyrkje og kampen for finansiering av eit besøkssenter er vårt døme på dette.

I boks 4.5 i rapporten har ein prøvd å sette opp ei utrekning over kva ringverknader og total omsetning eit kulturminne fører med seg for ein kommune som Lærdal. Tala her vert noko unyanserte. Turistane kjem ikkje til Lærdal berre på grunn av stavkyrkja. Mange finn vegen til fjord- og fjellnaturen, Gamle Lærdalsøyri, Norsk Villakssenter, dei gamle vegane, museum og galleri. Når det i NOUen vert indikert at ringverknadene lokalt i hovudsak kan tilskrivast kyrkja og laksefiske som dreg folk hit og gjev høg omsetjing, vert dette for unyansert. Kulturminneutvalet sitt fleirtal er sjølv klar over dette og ber om at det vert

038/02

iverksett arbeid for å legge til rette for innhenting og systematisering av data som mogleggjer ei reell analyse av dei samfunnsøkonomiske ringverknader eit kulturminne kan ha.

Men den generelle samfunnsnyttige verdien av kulturminne er nok ikkje overdrive. Det er difor svært viktig at dette vert tatt vare på, mellom anna, gjennom eit besøkssenter ved Borgund stavkyrkje. Senteret vil kunne stimulere til meir næringsverksemd. Stavkyrkja og senteret burde gått inn som eit forsøksprosjekt, støtta av den offentlege kulturminneforvaltninga, for å gjera synleg verdien av å ta vare på kulturminna på denne måten etter lokalt initiativ.

"Utvalgets flertall mener det er viktig å stimulere til at flere tar lokale initiativ. Staten eller fylkeskommunen bør i hovedsak konsentrere seg om å legge rammene for å kunne stimulere til slike tiltak"

Ikkje minst kunne dette bli eit døme på systematisk samarbeid mellom private og offentlege aktørar, slik kapittel 5 i rapporten legg vekt på.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

1. Lærdal kommune v/nærings-, natur- og kulturutvalet har ikkje merknad til NOU-høyringa, utover dei vurderingar som kjem fram i saksutgreiinga.
2. Lærdal kommune vil føresette at det følgjer med naudsynte ressursar, i den grad ansvar og oppgåver innan kulturminnevernet vert overført til primærkommunar.
3. NOUen dokumenterar eit behov for å utvikle betre modellar for reelle analysar av dei samfunnsøkonomiske ringverknader eit kulturminne kan ha. Lærdal kommune vil med dette be om at Borgund stavkyrkje vert teke med som eitt av dei kulturminna som objekt for meir grundig studiar, i eit samarbeid med Statistisk sentralbyrå og andre relevante aktørar.

VEDTAK I Nærings-, natur- og kulturutvalet - 10.06.2002:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

LÆRDAL KOMMUNE

Rådmannskontoret